



Camilla Myklebust, som er vikar i barnehagen, slo an den rette tonen foran det nye skuleåret under fellesmøtet måndag morgon. Til høgre sit rektor Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Onsdag er det skulestart i Uskedalen og det vert 94 elevar i skuleåret 2009/2010 medan det var 97 i 2008/2009.**

**Personalet møtte til førebuing allerede i dag (måndag) og under eit fellesmøte for skulen og barnehagen orienterte verksemdsleiar og rektor Vidar Haugland mellom anna om eit nærliggjande bustadprosjekt og om influensa-situasjonen.**

Det blir 14 førsteklasingar dette skuleåret og dei skal møta klokka 9.35 onsdag morgon. Då har dei andre elevene allerede vore på skulen frå klokka 8.20.

- Med unntak av førsteklasingane er det i utgangspunktet ingen nye elevar dette året, men det er ikke uvanleg at det kjem nokon heilt på tampen, seier rektor Haugland til uskedalen.no

Under fellesmøtet kom det ingen innvendingar mot prosjektet som inneber at det skal byggjast bustader på den gamle gartnerimuren relativt nær barnehagen og tre tomannsbustader oppe i bakken mot Geilo.

Haugland peika på at prosjektet på muren blir flatt og fem meter høgt.

- Den einaste kontakt vi får med bustadane blir eventuelt i samband med trafikken, men innkøringa vil skje oppe i svingen, opplyste Haugland.

Med omsyn til influensaen gjekk han igjennom dei skriv som er sendt ut av kommunen og som mellom anna går ut på at influensasjuka må sendast heim og halda seg heime i sju dagar frå første sjukdomsdag.

Fungerandre smittevernlege Jan Helge Dalland skriv at dei fleste ikkje treng kontakt med lege, men i tilfelle ein kjenner trong for det, bør ein ringja fastlege eller legevakta.

Eit viktig råd er å bruka eingongs papirhandduk som vert kasta etter bruk og eit anna at ein skal hosta eller nysa i albogekroken dersom papirhandduk ikkje er tilgjengeleg.

Ein skal vaske hendene godt og ofte, særleg når ein har vore ute og før ein et. Vask med vatn og såpe er godt nok, men kan erstattast med desinfeksjonsmiddel med sprit når ein ikkje får vaska hendene på annan måte.

Rektor Haugland ville ikkje utelukka den situasjon at halvparten av dei ansatte vil måtte halda seg heime og at det ikkje vil vera forsvarleg å halda oppvekstsenteret i gang. Han opplyste at det vil bli laga ei liste over aktuelle vikarar.

Samstundes la han vekt på at det ikkje må bli hysteri.

-Vi må driva vidare som om dette trugsålet ikkje eksisterar, men vi må vera førebudde på det, sa han.

Av Ola Matti Mathisen